

Henta frå saksutgreiinga om byvekstavtalen: Vurderingar og verknader

Økonomi: *Gjennomføring av byvekstavtalen vil for heile avtaleperioden tilføra Bergensområdet 13,3 mrd. (2020-kroner) i statlege midlar. Store delar av desse midlane går til drifts- og infrastrukturtiltak for kollektivtrafikken. Gjennomføring av byvekstavtalen vil dermed ha ein positiv effekt på fylkeskommunen sin økonomi.*

Spørsmål til fylkesordførar:

Det kjem ikkje tydeleg fram i saksutgreiinga kva avtalen kan ha å sei økonomisk for fylket vårt. For ein avtale på denne storleiken vil det vera ynskjeleg å vita noko meir enn at det er venta å ha ein «positiv effekt». Kan fylkesordføraren gjera nærmare greie for dei viktigaste venta økonomiske konsekvensane (auka inntekter, auka driftskostnader samt investeringsbehov) for Vestland Fylkeskommune dersom den framlagte byvekstavtalen vert vedteken.